

## **Emnerapport (per 2011) HIM 101**

### **Praktisk gjennomføring:**

Emnet vart gjennomført på planlagt måte. Det er ingen kommentarar til gjennomføringa.

### **Strykprosent og frafall**

Det var 141 oppmeldt ved starten av semesteret. Oppmøtet var på 72 pst, som er litt over snittet dei siste åra (ca. 65-68%). Dette er normalt for emne i denne størrelsen. Talet på studentar, 101 leverte oppgåver, er klart høgare enn dei siste tre åra (som har variert frå 55 til 76), og det høgaste sidan 2005. Stykprosenten av frammøte var 8% av møtte, som også er ganske gjennomsnittelig for dei siste åra.

### **Karakterfordeling**

Gjennomsnittkarakteren var C. Fordelinga var: A: 4%, B: 24%, C: 31%, D: 24%, E: 11%. Dette tilsvarer gjennomsnittet for siste åtte år ganske presis. Største karaktergruppe er C, B og D balanserer, mens E er ein del større enn A. Snittet mellom B og C varierer litt frå år til år, men ikkje merkbart.

### **Ressurstilgang**

Dette er eit stort emne og for mange studentar eit heilt nytt felt. Undervisninga er ein dobbeltime forelesing i veka. Studentane etterspør seminar og fleire forelesingar, men det er ikkje ressursar til å gjennomføre dette. Auka ressurstilgang til undervisning vil utan tvil bedra tilbodet til studentane og fremme både breidde og djupn i forståinga. men den nåverande stoda har vore slik det seinare åra, og må reknas som forsvarlig.

### **Kommentar til studentevaluering**

Ikkje gjennomført i år

### **Studieinformasjon og dokumentasjon**

Som normalt, ingen spesielle kommentarar.

### **Tilgang til relevant litteratur**

Vi har i år fjerna kompendielitteraturen og fokusert på større publiserte bøker og elektronisk litteratur. Tilgangen til pensum ser ut til å ha vore god.

### **Akademisk redelighet**

Sidan vi brukar skuleeksamen, er det ingen særlege merknader til det.

### **Studentaktiv forskning**

Ikkje aktuelt på eit nybegynnaremne som dette, spesielt i mangel på seminar.

### **Internasjonalisering**

Emnet har eit internasjonalt tema. Undervsininga er på norsk, pensum i hovudsak på engelsk.

### **Utvikling av emnet**

Dette er eit stort emne som ser ut til å bli godt mottatt mellom studentane. Med nåverande tilgang på ressursar er det lite å gjere på undervisningssida, og innhaldet i emnet – oversikt over regionens historie frå 600 til i dag – står seg trulig framover, med dei evt. endringar i pensum som ny litteratur måtte gi.

### **Oppsummering av emneansvarlig**

Dette emnet har vore undervist i rundt eit tiår, som del av Studieprogrammet Midtausten. Men størstedelen av studentane har alltid vore dels andre historie-studentar, eller studentar frå andre fag som ønsker ei slik innføring i Midtausten. Behovet og forventa oppslutning vil derfor utan tvil halde seg nokolunde normalt, og vi hadde i 2011 ein ganske merkbar auke i studenttallet. Det er naturlegvis grunn til å tru at dette ikkje vil svekke seg i kommande år, gitt situasjonen i området. Vi ser ut til å ha eit greitt opplegg som fungerer, innanfor dei rammene som er gitt.